

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Idalstø

23. mars 2015

Vår referanse

Dykkar referanse

## **SØKNAD OM DISPENSASJON – jfr plan- og bygningslova kap. 19**

**Tiltak/eigedom: Etablering av næringspark på gnr. 212 bnr. 132 i Lindås kommune**  
Det søkjast dispensasjon frå gjeldande arealdel av kommuneplanen og reguleringsplan.

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel

Det er planlagt og prosjektert installasjon for vatn og avlaup i område som i kommuneplanens arealdel har formål LNF der det ikkje er tillate med bygg- og anleggstiltak.

For å kunna etablera næringspark må det etablerast vassforsyning og avlaup. Anlegga er prosjektert i samarbeid med teknisk drift i kommunen og godkjent av denne etaten.

### **1 Det søkjast dispensasjon for å etablere anlegg for vatn- og avlaup i LNF området.**

Søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for den regulerte næringsparken, N5 ID 1263-201114.


Ved detaljprosjektering er det avklara at planlagt og regulert permanent ny avkjørsel frå E39 bør opparbeidast med tilkomst inne frå planområdet. Dette på grunn av at det vil måtta utførast mykje anleggsarbeid før frisiktsone og sikker avkjørsle er etablert her.

Alternativ midlertidig avkjørsle lenger sør på E39 er godkjent av vegvesenet og denne vil gje vesentleg tryggare tilkomst til området inn til ny permanent avkjørsle er etabler i samsvar med reguleringsplanen. Midlertidig avkjørsle vert avvikla når permanent avkjørsle er etablert.

### **2 Det søkjast dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for å etablere midlertidig avkjørsle og tilhøyrande riggområdet som ikkje er vist i reguleringsplanen.**

Denne søknaden om dispensasjon vert nabovarsla og levert saman med søknad om rammeløyve. Tiltaka det er søkt dispensasjon er del av tiltaka det søkjast rammeløyve for og vedlegg for rammesøknaden viser også dei tiltak det er søkt dispensasjon for.

Beste helsing



Bjørn Rune Kvinge  
søklar